



Ing Taule AS
Radøyvegen 1400
5936 MANGER

Referanser:
Dykkar:
Vår: 22/823 - 22/37971

Saksbehandlar:
Anne Lise Molvik
anne.lise.molvik@alver.kommune.no

Dato:
24.06.2022

Det er framleis manglar ved søknaden - gbnr 137/532 Alver

Tiltak: Terrasse/carport og mur
Byggjestad: Gbnr: 137/532
Tiltakshavar: Runar Nestegjerde Haugen
Ansvarleg søkjar: Ing Taule AS

Kommunen viser til søknad om løyve til tiltak mottatt 26.01.2022, vårt skriv om manglar i saka datert 05.04.2022 og ettersend dokumentasjon i saka mottatt 08.04.2022. Vi beklagar sein tilbakemelding.

Det er kommunen si vurdering at saka framleis har manglar. Dette gjeld følgjande:

Nabovarsel og nabosamtykke

Det må dokumenterast at eigar av gbnr 137/52 er varsla. Det går fram av matrikkelen at gbnr 137/52 er felleseige mellom egedomane gbnr 137/532, 137/533, 137/534, 137/536, 137/539 og 137/542. Naboliste følgjer vedlagt.

Når det gjeld krav om nabosamtykke i punkt 3, ser vi at det her er feil i teksten. Det går fram av plan- og bygningslova § 29-4 at kommunen kan godkjenne at byggverk vert plassert nærare nabogrense enn 4 meter, når eigar av naboeigedomen har gitt skriftleg samtykke eller ved oppføring av frittliggande garasje, uthus og liknande mindre tiltak. Det er vår vurdering av samtykke ikkje er nødvendig, men at nabo på gbnr 137/52 må varslast, jf. punktet over. Liste med namn på eigarane følgjer vedlagt.

Kommunalt leidningsnett

Kommunen si avdeling for samferdsel, veg, vatn og avløp – forvaltning stadfestar av det går kommunal vassleiding gjennom tomten slik tidlegare kartutsnitt viser. I den grad tiltaket vert plassert nærare den kommunale leidningen enn 4 meter må det søkjast om dispensasjon frå «Standard abonnementsvilkår for vann og avløp – administrative bestemmelsen». Nærare avklaring må gjerast direkte med samferdsel, veg, vatn og avløp – forvaltning.

Kommunen vil ta søknaden til behandling når tilleggsdokumentasjon ligg føre. Frist for innsending vert sett til **01.08.2022**. Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka tatt til handsaming ut frå dei opplysningane som ligg i søknaden.

Sakshandsamingsfrist

Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. forskrift om byggesak (SAK) § 7-1. Tidsfristane vert rekna frå søknaden er komplett og klar for handsaming, jf. forskrift om byggesak § 7-2, 1. ledd.

Gebyr

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Med vennleg helsing
Alver kommune, Plan og byggesak

Are Frøysland Grande
Avdelingsleiar

Anne Lise Molvik
Rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Naboliste gbnr 137-52

Mottakarar:

Ing Taule AS
Runar Nestegjerde Haugen

Radøyvegen 1400
KUBBALEITET 26

5936 MANGER
5916 ISDALSTØ